



Oceanordic AS
Skarsvegen 237
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykker:
Vår: 14/1538 - 14/9098

Saksbehandlar:
Merete Rossland Fløysand
merete.floysand@meland.kommune.no

Dato:
10.06.2014

Søknad om ambulerande skjenkeløyve 21.06.14

Viser til dykker søknad om ambulerande skjenkeløyve, registrert 05.06.14.

Det er søkt om å få skjenka ute på avgrensa området ved kafronten.
Søkjar er ansvarleg for at skjenkeområdet er forsvarleg sikra med gjerde/sperrebånd.

VEDTAK

I medhald av Alkohollova kap. 4, §4-5, og etter delegasjonsvedtak i Meland kommunestyre 06.02.91, sak nr. 9/91, jfr. Alkohollova § 1-12

Gjev rådmannen i Meland

Løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 (øl/rusbrus)	frå kl.14:00 til kl.24:00
Løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 2 (vin)	Ingen løyve
Løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 3 (brennevin)	Ingen løyve

Løyve gjeld også for på oppmerka uteområde.

Dato for løyve: **21.06.14**
Arrangement: **Lukka arrangement for bedrift**
Skjenkeareal: **Littlebergen brygge, 1 etg. i tidlegare lokale til «Frivannsliv»**
Skjenkestyrar: **Øystein Johansen, vikar for skjenkestyrar Øyvind Ullestad**

RÅDMANNEN I MELAND

Ingvild Hjelmtveit

Kopi: Skjenkestyrar, Alkoholkontrollørane, Økonomikontor

RETNINGSLINER FOR SKJENKING AV ALKOHOLHALDIG DRIKK

Løyvehavar er ansvarleg for at skjenking av alkoholhaldig drikk går føre seg på ein slik måte at reglane i gjeldande lov og forskrift vert halde, og at alkoholpolitiske omsyn vert tatt vare på. Løyvehavar må først og fremst sjå til at det ikkje vert skjenka alkoholhaldig drikk til for unge og/eller synleg rusa personar, og at det ikkje vert skjenka ut over godkjent skjenketid slik denne er fastsett i løyvet.

Desse reglane gjeld for skjenkinga:

- Skjenking eller utlevering av alkoholhaldig drikk i gruppe 3 (brennevin) til person under 20 år og skjenking eller utlevering til person under 18 år av annen alkoholhaldig drikk, inkludert alkoholsvak drikk, må ikkje skje. Dei same aldersgrensene gjeld for den som skjenker alkoholhaldig drikk.
- Alkoholhaldig drikk må ikkje skjenkast til tydeleg rusa person eller på ein slik måte at ein gjest kan bli synleg rusa.
- Skjenka alkohol må vera konsumert 30 min. etter skjenketida er slutt.
- Det må overvakast at gjester ikkje nyt medbrakt alkoholvare, og at dei ikkje tek med seg alkoholvarer når dei forlet skjenkelokalet. Løyvehavar er pliktig å ha kontroll med all bruk av alkohol i det arrangementet løyvet gjeld for.
- Det skal innbetalast ei avgift på kr. 290,- for ambulerande skjenkeløyve jfr. Forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk § 6-2. Giro vert sendt søkjar.
- Skjenkestyrar er ansvarleg for at reglar i alkohollova med forskrift vert følgde.

Alkoholkontrollørar kan kome uanmeldt til skjenkestaden og opphalde seg i lokalet for å observere at skjenkereglane blir følgde. Kontrollørane skal visa legitimasjon.